



## Gode Lionsvenner i 104C

### Månadsbrev mars 2022

Så er nok ein månad over. Det spirer og gror rundt oss og det er berre så godt. Våren er her. Med PC- en på fanget og Nyhetskanalen på TV, kjenner eg på kor heldige me er som bur i eit land med fred og friheit. Krigen i Ukraina er brutal og lidingane er store. Eg tenkjer først og fremst på alle barna som opplever krigen på både kropp og sjel. Dette rammar dei yngste ekstra hardt. På flukt frå bomber og krig, gjerne utan far som skal forsvara landet mot fienden. Traumatiske opplevingar for små sårbare sjeler. No er mange av desse barna på veg til oss og eg veit det er klubbar som allereie har vore på plass spreidd glede til dei i mottaka.



Ein av dei er LC Jæren som har levert diverse aktivitetsmateriell til mottaket på Hå. Det skal ikkje alltid så mykje til for å gle desse barna som har måttå reist frå alt dei hadde heime. LC Bergen har gjort det same til flyktingar som er kome til Bergen. Her kan me verkeleg gjera ein forskjell og det er jo derfor me er Lions.

### Innsamlinga til Ukraina.

Det er berre heilt fantastisk kor dette har engasjert medlemmer og Lionsklubbar i heile landet. Dei siste oppdaterte tala eg har, er frå sist søndag. Med dei 300.000 kronene som vart løyvd frå Lions Norge katastrofefond i februar, så er beløpet no oppe i kr 2.413.000. Beløpet blir kanalisert gjennom LCIF til beste for flyktingane i nærområda og til Lions i Ukraina.

Eg har fått tilbakemeldingar på at det er for lite informasjon om kva Lions gjer for Ukraina og flyktingane. Vil anbefala at de likar Facebook sida « Lions for Ukraine» eller følgja med på dei internasjonale sidene våre som blir oppdatert dagleg.

<https://www.lionsclubs.org/en/resources-for-members/resource-center/humanitarian-crisis-ukraine>

### **Visjonen vår er at «Lions Norge skal vera Norges beste humanitære serviceorganisasjon».**

Eg har ofte fått spørsmål om kva ein humanitær serviceorganisasjon er? Kort fortalt så er det ein frivillig «non-profit» organisasjon der medlemmene møtes regelmessig for å utføra frivillig arbeid. Enten direkte med hands-on eller ved å samla inn pengar. At ein i tillegg er humanitær seier noko om at me har som mål å hjelpe menneske som lid eller har det vanskeleg.

## Klubb og sone

No reknar eg det som sikkert at alle klubbar er komen i gang igjen etter pandemien. Det er så bra og det er så kjekt å lesa om LC Jæren sitt arrangement « Se min kjole» og LC Askøy som har arrangert « Løvinne for en kveld» LC Bergen Bergenhus har hatt bokmarknad og gjødselsalet er i gang i heile distriktet.



Sist, men ikkje minst vil eg nemna rockekonserten LC Fusa arrangerte i lag med sone 5. Konserten var for personar med spesielle behov. Dansegolvet var fullt frå første stund. Dette er ein fantastisk aktivitet som eg på det varmaste vil anbefala andre å kopiera. Det er så mykje glede og det er så utruleg kjekt. Ta gjerne kontakt med klubben for meir informasjon.

**No står val på agendaen i klubbane.** I mange klubbar er det ei stor utfordring å finna kandidatar som er villige til å ta på seg verv. Alle medlemmer i klubben har eit ansvar for at ein får eit styre på plass. Litt arbeid er det med verv, men du verden så kjekt det er.

I helga som kjem, skal alle **påtroppande soneleiarar** på soneleiaropplæring på Gardermoen. Der vil dei blant anna få innføring i Global Membership Approach ( GMA). Det nye verktøyet me skal bruka i medlemsrekruttering, for å starta nye klubbar, revitalisera eksisterande klubbar og til å motivera medlemmene til ekstra innsats for organisasjonen vår. Alle må ta ansvar og jobba målretta og systematisk for å nå målet om medlemsvekst. Me treng fleire hender som hjelper andre.

## Distriktet

**Distriktsmøtet 2022** er planlagt gjennomført på Quality Hotel Edvard Grieg, 22.-24. april. LC Bergen/Løvstakken er vertskap og i tillegg til distriktsmøteforhandlingane er det lagt opp til interessante foredrag og god underhaldning. Det er ikkje for seint å melda seg på. Fristen er 1. april. (Tenkjer det er greitt med ein dag eller to over også). Distriktsmøtepapira er sendt ut og i tillegg ligg dei på Gnist. Eg set pris på tilbakemeldingar før distriktsmøtet slik at eventuelle misforståingar og spørsmål til sakspapira kanskje kan løysast på førehand. I papira som vart sendt ut mangla rekneskapen for Julekaravanen pr. 28.02.22 og i sak 9.0 er gjort nokre kosmetiske rettingar. Dette ligg i siste versjonen på Gnist. Det vil ikkje bli levert ut sakspapir på Distriktsmøte. Det må ein syta for sjølv om ein ønskjer dei på papir.

## **Styre- og rådsmøte 11.-13. mars i Haugesund.**

Me hadde gode møte denne helga. Fagsjefar, soneleiarar og koordinatorar orienterte om «rikets tilstand». Distriktet vårt er veldrive. Dei fleste klubbanne jobbar godt med sine ting. Likevel har me nokre utfordringar. « Røde Fjær» har på langt nært nådd målet til distriket som er på 9.3 millionar kroner. Aksjonen går ut 2022 så det er berre å stå på med både arrangement og kjøp av løvepoter. Bestilling av tulipanar går også litt tregt og me er langt frå målet vårt på 200.000. Campaign 100 – der er me gode der. Me er det fjerde beste distriket i Europa. Det kan me vera stolte av. På rådsmøte vedtok me å støtta søknad frå Stiftelsen Tråastølen på kr 50.000 som var til kjøp av nye møblar i oppholdsrommet. Veldig kjekt å kunna bruka aktivitetsmidlar på Tråastølen som er til glede for så mange.



### Tulipanaksjon den 30. april 2022.

I år kan me endeleg feira tulipandagen slik som me var vane med før pandemien. Ei fin anledning til å vera synlege, informera om Lions og ikkje minst om «Mitt valg» som er eit av fyrtårnprosjekta våre. Dei fleste klubbane er med. Stor takk til dei. Hadde alle klubbane stilt på, hadde me kanskje nådd målet på 200.000 tulipanar i distriktet. Bestilte tulipanar er i underkant av 156.000. Tulipanaksjonen er heilt avgjerande for drifta av «Mitt valg». Derfor håpar eg at dei klubbane som ikkje har tulipanaksjon i år, betalar inn ein sum til tulipanfondet og støttar dette gode arbeidet på den måten. **Lykke til med planlegginga og aksjonen 30. april.**

### Lions Norge

Siste helga i mai er det som alltid, **Riksmøte** i Lions Norge. Dette blir på Quality Airport Hotel på Gardermoen. Set av denne helga alt no. Det er alltid kjekt å treffa Lions frå heile landet. Til orientering så stiller eg på val som AGR 2 på Riksmøtet. Eg er spent på resultatet.

11. mai 2024 er **Lions Norge 75 år**. LC Oslo var den første klubben og det er naturleg at dette blir markert i hovudstaden denne dagen. Det er også planen å feira Lions Norge 75 år på Riksmøte 2024. Detaljar om dette vil koma etter kvart. Det eg veit er at Patty Hill, som då er verdspresident, er ønska til dette arrangementet. Så er det eit ønskje om at klubbar og distrikt også skal feira jubileet. Fin anledning å visa fram kven me er og kva me står for. Vil be om at klubbane alt no tenkjer på korleis dette kan markerast. To år går fort. Det veit me.

At **medlemstalet går ned**, påverkar økonomien i Lions Norge. Når det i tillegg er stor usikkerheit om me får momskompensasjon vedtok Guvernørrådet på sist møte å stoppa overføringa av tilskot frå MD til distrikta. Det at medlemstalet går så drastisk ned som det gjer, er den største utfordringa til Lions Norge i dag. Det er med medlemspengar me driv organisasjonen vår. Dette har ringverknader i både klubb, distrikt og i Lions Norge.

### Lions Aid Norway (LAN)

I LAN skjer det mykje spennande om dagen. Utlandssjef Annette Pemmer og MD IRC Lars Tveter har vore i Uganda og rapportane derifrå om landbyutvikling, jordbruk, utstyr til augeklinikkar, skular og mykje meir er verdt å få med seg. Følg «Lions Aid Norway» på Facebook og bli oppdatert på alt dette. Flotte prosjekt i alle prisklassar som både klubbar og sonar kan «hiva seg på». Ta gjerne kontakt med distriktet sin IRC Lars Tveter, [lars@ennte.no](mailto:lars@ennte.no) for meir informasjon. OBS!! Har klubben din fått registrert IR kontakt i StyreWeb?

Hugs at omtanke for våre medmenneske betyr mykje og det kostar ingen ting anna enn litt av tida vår. **Det er mange som treng oss i Lions, både her heime og ikkje minst ute i verda.**



**Dei beste ønskje om fine og gode aprildagar frå  
Gunnhild Rein Almås  
Distriktsguvernør 104C 2021-2022  
Telefon 90 79 67 47  
[c.dg@lions.no](mailto:c.dg@lions.no)**